



# Giske Rotary

Ein klubb for samfunnsengasjerte ressurspersonar frå ulike yrkesgrupper - basert på vennskap, etikk, utveksling av yrkeserfaring, arbeid for fred og internasjonal forståing - som grunnlag for å gagne andre.

Giske Rotaryklubb er ein av 57 klubbar i Distrikt 2280. Klubben har i 2010 36 medlemmar, av desse er det 9 kvinner. Vi møtes ein time kvar torsdag kl 20:00, i lokalane til Giske Frivillighetsentral ved Rådhuset på Valderøya. Fleire gonger i året er vi òg ute på bedriftsbesøk i kommunen og i regionen. Vi har også nokre prosjekt i kommunen der vi er ute i det fri og gjer dugnadsarbeid. Saman med andre klubbar både lokalt og internasjonalt jobbar vi med oppgåver i samsvar med Rotary sine mål og verdiar. Rotarys formål er å fremme og styrke viljen til å gagne andre.

Les meir om klubben vår på : [www.giskerotary.no](http://www.giskerotary.no)

Nokre døme på det klubben held på med:



#### Støtter aktivt bekjempelsen av Polio

Rotary har gjennom sitt program Polio+ vaksinert meir enn 2 milliardar barn mot polio. Giske Rotary bidrar også til dette.



#### Støtter Emanuel

Rotary skaffar telt til Emanuel som skal brukast til matstasjon for heimlause i Ukraina



#### Roundtrip

Rotary er vertskap for ungdomar frå mange land i Europa på besøk i Giske kommune

#### Natteravn

Rotary stiller opp som natteravnar i Ålesund



Dersom du kjenner at Rotary sitt verdsett høver til ditt eige, og at du kan tenke deg å lære meir om organisasjonen, er du hjarteleg velkomen til å ta kontakt med oss for å vere med som gjest på nokre av medlemsmøta våre. Ta då kontakt med:

Kari Løken - 974 82 642 - [kl@tafjordkonsern.no](mailto:kl@tafjordkonsern.no) eller  
Ludvig Kåre Øyen - 950 86 893 - [lud-o@online.no](mailto:lud-o@online.no)